



# Frivilligsentralen

## Referat frå Årsmøte 2018 i Frivilligsentralen

Torsdag 24.05.2018 Kl: 09:30 - 10:00

Nordhordlandshallen kantine

### Tilstades:

#### Formannskapet

Astrid Aarhus Byrknes	KrF - ordførar
Leif Hosøy Sleire	KrF
Odd Leiv Mjøs	KrF
Nina Bognøy	AP - varaordførar
Dag Hugaas	AP
Bjarte Vatnøy	FrP
Nina Stabell Øvreås	FrP
Sveinung Toft	V
Jarle Vassdal	SP
Anna K. Valle	SP
Karl Vågstøl	H

Rådmann Ørjan Raknes Forthun, kultursjef Øyvind Stang, sekretær Tove Mette Fyllingen, dagleg leiar i Frivilligsentralen Per Ole Ekker.

---

**Frivilligsentralen ved Per Ole Ekker ønskte velkomne til årsmøtet.**

### Sak 01/2018: Godkjenning av innkalling

Innkallinga blei godkjent med merknad om at sakspapira hadde ikkje blitt sendt ut frå administrasjonen på førehand til årsmøtet. Sakspapir blei delt ut på møtet.

### Sak 02/2018: Val av

- Møteleiar – ordførar Astrid Aarhus Byrknes blei vald til møteleiar og overtok møteleiinga.
- Skrivar - dagleg leiar av Frivilligsentralen, Per Ole Ekker, blei vald til skrivar
- 2 representantar til å skrive under møtebok – Anna K. Valle og Nina Bognøy blei valde.

### Sak 03/2018: Gjennomgang av:

#### Årsrapport 2017

Frivilligsentralen ved Per Ole Ekker gjekk gjennom nokre av punktane i årsrapporten.

*Det blei spurt i årsmøtet om Frivilligsentralen i Lindås har kontakt og møter med dei andre Frivilligsentralane i regionen:*

Frivilligsentralane i regionen og i fylket, har jamlege møter og samlingar. Særskilt kan nemnast kontakten mellom Frivilligsentralane i dei tre kommunane som skal slåast saman. Me som er



## Frivilligsentralen

ansatt i Frivilligsentralane i Lindås, Meland og Radøy arbeider for å få til ei felles teneste som kan vere for alle innbyggjarane i den nye kommunen.

*Det blei og spurt om i kor stor grad Frivilligsentralen i Lindås legg opp til å ha eigne frivillige tilslutta sentralen:*

Frivilligsentralen i Lindås har ikkje eit eige register av frivillige i den forstand. Men det er eit godt utbygd nettverk av kontaktpersonar og lag og organisasjonar som Frivilligsentralen nytter for å løyse oppgåver i nærområda i kommunen. Målet må vere at den frivillige assistansen er tilgjengeleg i dei områda det blir spurt etter hjelp. Me har tru på at samarbeidet mellom bygdane, lag og organisasjonar og Frivilligsentralen kan løyse ut meir frivillighet saman, enn når kvar og ein står aleine.

*Det kom spørsmål kring kontakt med Senioruniversitetet:*

Frivilligsentralen i Lindås var med i arbeidsgruppe for oppstart av Senioruniversitetet i Nordhordland i 2005. I nokre år etter oppstarten jobba Frivilligsentralen tett med styret i Senioruniversitetet om program, økonomi og arrangement. Dei siste åra har Senioruniversitetet som ein sjølvstendig organisasjon samarbeida med Frivilligsentralen ved behov.

*Det kom spørsmål kring kontakt med Lindås Idrettsråd:*

Frivilligsentralen i Lindås engasjerte seg i idrettsrådet i 2005 på ei tid idrettsrådet låg litt nede. Målet med engasjementet var å få samspel inn i arbeidet i idrettsrådet. Samspel mellom idrettsrådet og idrettslaga, samspel mellom idrettsrådet og kommunen og samspel mellom idrettsrådet, idrettskretsen og Norges Idrettsforbund. Dagleg leiar i Frivilligsentralen sat som leiar i idrettsrådet i nokre år. Men den viktigaste funksjonen var som sekretær i rådet, kor tilrettelegging av saker og systematisering av arbeidsrutinar stod høgt på dagsorden.

Frivilligsentralen avslutta engasjementet på årsmøte 25 mars 2015 fordi idrettsrådet hadde ein god plattform å arbeide vidare ut ifrå. Lindås Idrettsråd har sidan då hatt eit ståande tilbod om assistanse frå Frivilligsentralen, men har ikkje nytta seg nemneverdig av dette.

På generelt grunnlag når det kjem til aktivitetar, meiner dagleg leiar i Frivilligsentralen at det er viktig for ein Frivilligsentral å ikkje ha for mange faste tiltak gåande. Det vil binde opp tid og engasjement og gjere det vanskeleg å setje av tid til å ivareta innspel frå lag og organisasjonar og publikum.

### Årsrapporten teken til etterretning.

### Rekneskap for 2017

#### **Rekneskap:**

Per Ole Ekker orienterte kort om nokre postar i rekneskapen.

Turskiltprosjektet heng igjen i Frivilligsentralen etter ei tid kor dagleg leiar var idrettskonsulent. Det er frå fylket innvilga ein god del pengar til turskiltprosjektet og vi er godt i gang med arbeid i nesten heile kommunen. Det er mange spanande tilretteleggingar og Kløvheimområdet er komen lengst med å setje ut skilt og registrere løypetrasear. Det er dei frivillige i lag og organisasjonar som i hovudsak gjer arbeidet. Når det gjeld tida dette arbeidet tar, så går det i rykk og napp. Men arbeidet gir ein god signaleffekt til andre bygder og områder som også vil skilte og merke turstiar.

#### **Rekneskapen teken til etterretning.**



Frivilligsentralen

## Sak 04/2018: Forslag frå styret om avvikling av styret i Frivilligsentralen

I samband med handsaminga av Meld. St. 14 (2014–2015) Kommunereformen – nye oppgaver til større kommunar, slutta Stortinget seg til at ansvaret for tilskotet til frivilligsentraler blei overført til kommunene, jf. Innst. 333 S. (2014–2015). Dette fører til nokre endringar i formalitetar. Det har sidan oppstarten av Frivilligsentralane i 1990 vore eit krav om eige styre i Frivilligsentralen. Dette kravet fell bort og gjeldane retningsliner har sluttat å virke pr 1 januar 2017.

Dagleg leiar meiner at eit eige styre ikkje er ein optimal måte å handsame ymse prosjekt og tiltak på i Frivilligsentralen. Ikkje i arbeidet innad i ein kommuneadministrasjon, og heller ikkje i arbeidet opp mot lag og organisasjonar. Til dette arbeidet er det meir tenleg å samarbeide med nettverka i kulturråd, idrettsråd, eldreråd, avdelingar i kommuneadministrasjonen og andre fellesfunksjonar.

Det blei nemt i årsmøtet at det er viktig at politikarane vert halde orientert om Frivilligsentralen sitt arbeid, og status på frivillig arbeid i kommunen. Dette er ein viktig del å arbeide vidare med.

**Vedtak: Styret i Frivilligsentralen vert avvikla frå årsmøtedato med umiddelbar verknad.  
Vedtaket er einstemmig godkjent i årsmøtet.**

**Ordførar takka for samarbeidet med Frivilligsentralen og ønske lukke til vidare.**

Møtet blei avslutta klokka 10:05

---

Underskrift av møtebok dato 08 juni 2018

  
Anna K. Valle  
- sign -

  
Nina Bognøy  
- sign -

  
Per Ole Ekker  
skrivar  
- sign -